

Fra: Hildegunn Hanstvedt Tofte[hhanst81@gmail.com]

Sendt: 27.11.2023 22:31:04

Til:

Vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune;Post[Vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune;post@kvinnherad.kommune.no]

Kopi: Post Grenda[post@grenda.no];Redaksjon Kvinnheringen[redaksjon@kvinnheringen.no];

Tittel: Spørsmål til ordfører

---

Den 18.11.23 publiserte Kvinnheringen ei sak om at kommunen vil slå i saman einingsleiarane av heimeteneste nord og heimeteneste sør.

Prosjektstillinga blir beskriven som ein spydspiss i arbeidet om å optimalisere heimetenestene. Me kan lesa at det er planar om ei omfattande omorganisering som krev ein veldig spesifikk og omfattande kompetanse.

Å slå saman leiarstillingar er i tråd med tidlegare vedtak om å sjå på leiarstillingar og redusere dei der ein kan. Det som uroar oss i SV er at det i saka også står at det kan hende dette vert reversert når prosjektperioden er over. Dersom det er behov for to leiarar om to år kan ein undra seg for korleis det vil vere i dei to åra ein ikkje har same tilgang på ressursar.

Ordfører, når vil kommunestyret bli gjort kjend med prosessen kring omorganiseringa? Er det slik at kommunestyret har delegert vekk mynde til å utføra ei så omfattande omorganisering som vi no les om i lokalmedia?